

Rutinerte laksedamer



I lakseverda er det dei eldre, dryge laksedamene som er dei mest populære. Dei legg dei største og flottaste eggja, og brukar kroppen til å skubbe vekk små, plagsame konkurrentar.

TEKST: TROND RØDVIK



Etter å ha vore i Nord-Atlanteren for å gjere seg feit, vender laksedamene heim att til barndomselva for å leggje egg. I barndomselva veit dei at barna deira vil få ein fin oppvekst.

Proppfulle av egg

Proppfulle av egg og energi startar dei på den strabasiose symjeturen oppover elva. Undervegs tek dei pausar for å arbeide. I laus grus grev dei djupe hol med halen og fyller dei med egg. I dei djupe, varme gropene kan dei befrukta eggja ligge trygt og varmt gjennom vinteren. Klekkinga skjer nemleg om våren.

Stor trafikk

Og dei store, rutinerte damene veit korleis holene skal gravast. Der det er stor trafikk av flotte laksehannar, riggar dei seg til. Ofte vil mange hoer leggje eggja sine same stad. Då er det bra å vere stor og tung. Eit lite dult med baken, og konkurrentar må finne seg andre stader.

70 prosent av energien

Det tek på å symje mot straumen og trykkje ut store mengder egg. Laksar brukar rundt 70 prosent av energien sin på dette. Medan kanadiske og europeiske laksar seier takk for seg etter éi gyting, sym ofte norske laksar stolt vidare. Ut av elva og ut i det store havet. Ein ny oppfettingsrunde i Nord-Atlanteren står for tur.

Nordnorske hardhausar

Det er spesielt i Nord-Noreg vi finn desse fleirgongsgytande hardhausane. Forskar Elina Halttunen trur at det kalde klimaet kan vere grunnen: – Laksen er eit kaldblodig dyr. Han har lik temperatur i kroppen som i vatnet han plaskar rundt i. Når det er kaldt, brukar laksane mindre energi. Så den nordnorske laksen har ofte mykje energi att etter gyting. Laksen er ikkje mens han er i elva, og må klare seg i opp til eitt år utan mat. Energien han har spart, hjelper han til å overleve.

Dei mest aktive nordnorske damene gjennomfører seks gyteturar. Og dei åra då det er få unge gytarar i elva, er det nettopp desse eldre laksehoene som reddar fiskebestanden.

Tulledefinisjonar

Eit særtrekk ved norsk er at vi har samansette ord, og at desse orda kan setjast saman av mange ord. Vi nyttar ofte samansette ord for å få eit meir nyansert språk. Det finst til dømes mange typar haiar: *hammarhai*, *kvithai* og *tigerhai*. Desse orda består av ord som i seg sjølve tyder noko, *hammar*, *hai*, *kvit* og *tiger*. Når vi deler opp eit samansett ord i orda det er sett saman av, *hoppski* = *hopp* + *ski*, seier vi at det siste ordet er kjernen, fordi det fyrste ordet seier noko meir om dette. *Hoppski* er med andre ord ein type *ski*, mens *skihopp* er ein type hopp.

Fagspråk består ofte av eit spesialisert språk, og ein måte å skrive presist nok er å nytte samansette ord. Det er difor lurt å øve seg på å dele desse orda opp i dei byggjesteinane dei er samansette av, og finne kjernen. Då skjønner ein i alle fall at *gytetur* er ein type tur.

For at elevane skal få ei trening i å bli medvitne på korleis samansette ord er bygde opp, skal dei lage tulledefinisjonar på ord henta frå teksten. La dei bruke fantasien. Det viktigaste er at dei skjønner kor kjernen er, og at ordet framfor kjernen seier noko meir om kjernen. Når elevane kjenner konteksten etter å ha lese teksten, kan dei prøve å finne ut kva orda eigentleg tydde.





Oppgaver til «Rutinerte laksedamer»

1. Tulledefinisjon

Eksempel:
laksedame – ei solbrent dame


Lag ein tulledefinisjon til desse orda:
barndomselv -
oppfeitingsrunde -
gytetur -

3. Detektivlesing

- a) Kvar er det best å leggje lakseegga? Kvifor det?
- b) Korleis ser dei befrukta lakseegga ut?
- c) Kva for fordelar har dei nordnorske eldre laksedamene framfor dei yngre laksane frå andre land?

2. Laksedama sin rundtur

Teksten beskriv korleis laksedamene gjentek den same runden år for år, frå livet i havet og tilbake i havet igjen. Leit i teksten og finn dei fem fasane desse fiskane går gjennom for å gyte. Skriv kort i rutene kva som skjer.





Ord og omgrep å snakke om

laks

rutinert

egg

skrubba

strabasiøs

klekka

gyte

elv

å vandre

Atlanteren

befrukta

energi



Learn English

salmon

experienced

egg

to scrub

strenuous

to hatch

to spawn

river

to migrate

Atlantic Ocean

fertilize

energy



Finn orda

f	e	r	s	k	v	a	t	n	a
q	i	d	g	e	f	g	y	t	e
c	v	s	r	s	u	r	k	m	l
b	e	t	k	ø	h	u	l	l	v
å	g	l	æ	c	y	s	n	m	e
p	g	u	o	i	r	w	b	e	l
y	m	l	a	k	s	n	o	s	v
s	u	j	k	l	e	k	k	e	a
h	o	l	a	b	u	s	r	e	f
k	o	f	k	d	a	m	e	l	q

Fisk, laks, dame, egg, klekke,
elva, gyte, grus, hol, ferskvatn





Finn orda – fasit

f	e	r	s	k	v	a	T	n	
	i					g	y	t	e
		s				r			
	e		k			u			
	g					s			e
	g								l
		l	a	k	s				v
			k	l	e	k	k	e	a
h	o	l							
				d	a	m	e		

Fisk, laks, dame, egg, klekke,
elva, gyte, grus, hol, ferskvatn






Fyll inn felta med fakta

UTSJÅNAD

MAT



EG ER EIN

BUSTAD

FORMEIRING